

Utkast til forskrift om endring i forskrift 28. august 2003 nr. 1110 om tildeling og drift ved havbeiteverksemd (havbeiteforskrifta)

Fastsatt av Fiskeri- og kystdepartementet xx.xx.2009 med hjemmel i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturloven) § 6.

I

Forskrift 28. august 2003 nr. 1110 om tildeling og drift ved havbeiteverksemd (havbeiteforskrifta) blir endra slik:

§ 4 skal lyde:

§ 4. Tildelingsmynde

~~Fiskeridirektoratet~~ *Fylkeskommunen* kan etter søknad tildele løyve til havbeite og særskilt løyve til føring og andre tiltak.

§ 6 skal lyde:

§ 6. Søknad om løyve

~~Fiskeridirektoratet~~ *Fylkeskommunen* kan krevje dei opplysningar frå søkjaren som dei finn naudsynt for å handsame søknaden.

Søknad skal fyllast ut på skjema fastsett av Fiskeridirektoratet. Søknad etter denne føresegna skal fyllast ut i fem eksemplar som skal sendast til ~~Fiskeridirektoratet~~. *Fylkeskommunen i det fylket lokaliteten ligg.*

~~Søknad kan sendast i berre eitt eksemplar dersom både søknad og vedlegg er i A-4-format og verken søknad eller vedlegg inneheld dokument med fargar. Slik søknad kan òg sendast elektronisk.~~

Søkjaren skal etter tilvisning frå kommunen syte for at beskriving av art og lokalisering av den omsøkte verksemda vert kunngjort i Norsk Lysningsblad og i to aviser som er fast lesne i området.

Søknaden skal mellom anna innehalde:

- a) Kvittering for betalt sakshandsamingsgebyr, jf. § 34.
- b) Kartkoordinatar for dei omsøkte lokalitetane samt kart kor desse er teikna inn.
- c) Opplysningar om i kva for utstrekning søkjar ynskjer å gjennomføre tiltak før og i driftsfasen med tanke på å klargjere lokaliteten.
- d) Plan for opprydding ved avslutning av verksemda.
- e) Opplysningar om den planlagde drifta, her medrekna driftsplan, tilgang på havbeitedyr for utsett o.a.
- f) Miljøtilhøve, her medrekna dokumentasjon av opphavet til havbeitedyra og dokumentasjon av miljøtilstanden på omsøkte lokalitetar, jf. § 7 andre og tredje ledd.
- g) Opplysningar om lokaliteten, her medrekna planstatus for lokaliteten, avstand til vassdrag, verneområder, andre lokalitetar og anna akvakulturverksemd samt tilhøvet til allemannsretten o.a.

h) Opplysningar om i kva grad omsøkt drift vil kunne komme i konflikt med andre brukarinteresser i området.

Ny § 8 a skal lyde:

§ 8a. Uttalelse frå andre myndigheiter

Forvaltningsmyndigheiter for fiskeri-, vilt-, naturvern- og friluftsinteresser skal gis åtgang til uttalelse før løyve vert tildelt i høve til §§7 og 8.

§ 10 skal lyde:

§ 10. Særskilt løyve til føring og andre tiltak

Føring av havbeitedyr og andre tiltak i samband med verksemda skal godkjennast av ~~Fiskeridirektoratet~~ Fylkeskommunen etter samråd med Mattilsynet. Det må søkjast særskilt om slikt løyve. Søknaden skal sendast i to eksemplar, eventuelt elektronisk. Ved tildeling av særskilt løyve til føring og andre tiltak skal sjukdomsfaglege og miljømessige tilhøve tilleggjast vesentleg vekt.

§ 19 skal lyde:

§ 19. Måleplikt

~~Fiskeridirektoratet~~ Fylkeskommunen kan fastsetje i det enkelte løyve at innehavar av løyve skal utføre målingar av den utsette arten. Det nærare innhaldet av måleplikta (kor ofte det skal målast, omfang, o.a.) skal gå fram av løyvet.

§ 27 skal lyde:

§ 27. Merking av havbeitedyr

~~Fiskeridirektoratet~~ Fylkeskommunen kan i det enkelte løyvet fastsetje krav om merking av havbeitedyr før utsetjing eller i samband med hausting.

§ 29 skal lyde:

§ 29. Merking av lokalitet

~~Fiskeridirektoratet~~ Fylkeskommunen kan påleggje merking av havbeitelokalitet og godkjenne merking etter søknad frå innehavar av løyvet.

II

1. Forskrifta trer i kraft 1. januar 2010.
2. Akvakultursøknader som er mottekne av Fiskeridirektoratets regionkontor før 1. januar 2010, skal behandlast av regionkontora.